



## Møtereferat

**Gruppe/tema:** T3 musikk-/kulturskule

**Møtestad:** Brattvåg, rådhuset

**Dato:** 27. april 2018

**Tid:** kl. 08.00 – 12.30

**Møteleiar:** Hans Peter Neergård

Deltakarar:	Kommune:
-	Nye Ålesund
Hans Peter Neergård	Haram kommune
Helen Harneshaug	Sandøy kommune
Magne Fylling	Skodje kommune
Gaute Åmlid	Ørskog kommune
Gro Dalen	Ålesund kommune
-	andre

### Saksliste:

1. Opplæring i Office 365 (saman med T2)
2. Konstituering
3. Mandat og oppgåve

### Referat og konklusjonar:

2. Organisering og ansvar
  - Helen Harneshaug er inne som medlem i gruppa, i staden for Anita Øen
  - Gro Dalen er valt som leder for gruppa.
3. Mandat og oppgåve

Kartlegging - kjem først, beskrive fakta og status. Grunnlagsdokument - vurdering av vegen vidare, på bakgrunn av kartlegginga.

Kartleggingsrapport. Viktig å ha fellesnemnda sine målsettingar for arbeidet i botn. Men det er oss, T3, som skal vurdere og kome med tilrådingar.

#### *Planverk*

Rammeplanen. Berre Ålesund har vedtatt planen som grunnlag for drifta av kulturskolen.

Opplæringslova: Alle fem kommunane har en musikk- og kulturskole. Og alle følgjer prinsippet om politiattest.

Lokale vedtekter for kulturskolen. Administrativt utarbeidet og/eller vedtatt av kommune-/bystyre. Må sjekkast ut av kvar enkelt.



### *Reglar*

Kva aldersgrenser har vi? Undervisningsåret. 38 veker, eller?

Undervisningslengde - timer/minutt, frekvens

Kontingenter, prisar

Søskemoderasjon: Ørskog og Sandøy (20 % på nr. 2)

Friplassar: ingen, men Sandøy og Ålesund har ordningar med t.d. kjøp av elevplasser av barnevernet, flyktningkontoret osv.

Sal av tenester: dirigenttenester (st.% og pris) - sal til korps primært i Haram, Skodje, Ørskog skolar og barnehagar?

Stillingssamarbeid: med grunnskole (Haram, Ørskog og Sandøy), Ålesund med Sula, Norddal, Giske og fylkeskommunen

Årsverket - utrekning for korpsdirigentar. Kva med fellestid?

### *IKT-system*

SpeedADMIN - Ålesund, Sandøy

Visma kulturskole - Haram. Det er eit lite firma som vil vidareføre Visma kulturskole.

Ingenting: Skodje

Eigenprodusert: Ørskog. Genererer fakturering.

Utfordringar: Bruk av personnummer ved fakturering, nødvendig med anbudsrunde for val av leverandør på administrasjonssystem?

Skal vi tjuvstarte på samordninga, t.d. innføre SpeedADMIN allereie no?

Kan SpeedADMIN slå saman basane (fem kulturskoler til ein)? Gro sjekkar ut dette og prisar for innmelding.

### *Drift-/organisering av fagfeltet*

Vi byrjar med å fylle ut dokumentet kartlegging 1 (tabellen).

Vi hentar inn detaljar innafor våre område, slik at vi har den bakgrunnsinformasjonen tilgjengeleg i møta.

Vi oppdaterer stillingsoversikta.

### *Framdriftsplan*

Som A4-gruppa: Fysisk møte kvar månad, Skypemøte kvar 14. dag.

Målsetting: Kartlegging klar 25.6.

### *Møteplan*

Neste møte: Skodje, Gomerhuset, 1. juni kl. 08.30 - 12.00

Møtet vart avslutta kl. 12.30.

Gro Dalen

Referent